


Oppland Sau og Geit

Roviltnemnda i Oppland v/Ivar Odnes

Krav om tiltak til jervforvaltninga i Oppland 2015 fram til ny beitesesong


Jerven har i nyare tid vore den største skadegjeraren av alle freda roviltartane vi har. Oppland eller region 3 har som kjent 4 ynglingar som bestandsmål av jerv. 1 yngling av jerv er pr. definisjon definert som det same som 6,4 dyr når vi skal rekna kor mange individ vi faktisk har. I «Diagram 1» under er det vist antall erstatta sau og lam i Oppland med jerv og gaupe som skadegjerar frå 2004 til 2014. Diagrammet viser at 2014 var det verste skadeåret vi har hatt til jerv med unntak av 2006, rett etter at bestandsmålet vart sett i Stortingsmelding 15 Rovilt i Norsk natur frå 2003-04. Jervsona i Oppland var fram til 2012 lita geografisk sett, og vart utvida til dagens gjeldande sone i mars 2012. Etter utvidinga ser det ut til at både tap forårsaka av jerv, og da sjølvstgt bestanden av jerv har gått opp.

Diagram 1:



I «Diagram 2» under er det vist antall dokumenterte ynglingar av jerv i same perioda, 2004-2014. Dette er berre dokumentert ynglingar, og sjølv med det har vi historisk sett lege godt over bestandsmålet. 2011 var eit unnatak, der forvaltninga i ettertid har innrømma at svært vanskelege sporingsforhold førte til eit feilaktig lite ynglingstal av jerv i Oppland på berre 2 ynglingar. Dette må takast med som eit svært godt bevis på at ein ikkje kan venta at SNO og dermed NINA nokon gong kan vera sikre på at dei faktisk dokumenterer alle ynglingane av jerv i ulike regionar. 2014 var som kjent òg eit år der vêrforholda førte til at ikkje alle kjente hi-lokalitetane vart undersøkt, og dermed var ein lokalt sett på grasrota i Nord-Gudbrandsdalen overtydd om at det var minst ei yngling til i dette året òg.

Diagram 2



Problematikken for beitebrukarane i Oppland er for det fyrste at vi har eit bestandsmål på 4 ynglingar av jerv – dette er som kjent definert av Miljødirektoratet som 25,6 individ – la oss seia 25. Når så forvaltninga av jerven i Oppland i tillegg sviktar år etter år, så nådde vi altså 7 ynglingar i 2014 – eller med andre ord: 45 individ. ELLER SAGT MED ANDRE ORD: 20 JERVAR OVER BESTANDSMÅLET! Dette er sjølv sagt svært alvorleg for beitenæringa i Oppland, og ikkje i tråd med kva Klima og Miljøminister Tine Sundtoft har uttala om at det skal forvaltas så langt ned på bestandsmålet som råd er. Dette har i tillegg ført til at Mattilsynet varsla 20 beitebrukarar i jervsona om restriksjonar i beitebruken i 2014, og at dette varselet kjem på ny i 2015 dersom tapa vert «store nok». Både beitebrukarar og Mattilsynet er fortvila, da det er nokså enkelt å skjønna at mykje av grunnen til alt dette er sviktande forvaltning av jerven, eller sagt med andre ord: Det er sett for låge kvoter, og i tillegg er ikkje eingong kvotene tekne ut.

Når så den same forvaltninga visar til at vi sannsynlegvis ikkje har så mykje jerv, som jervynglingane syner som følge av DNA-funn, vert dette heilt gale. Det vises til at det var DNA-funn av 31 ulike individ i Oppland i 2014 mot at vi etter ynglingane skulle ha 45. Underteikna har nå gått i gjennom DNA-funna i Rovbasen, snakke ved tilsette i Miljødirektoratet og kome fram til desse opplysningane:

DNA-funn av jervindivid i Oppland 2014:

DNAID	Funndato	Individ	Kjønn	Vurdering	Kommune	Funnsted
D434820	18.02.2014 00:00:00	JI000158 Ind158	Hunn	Dokumentert	Sel (N)	Kvannslådalen
D434631	25.03.2014 00:00:00	JI001316 Ind263	Hunn	Dokumentert	Lesja (N)	Vesl-Svartdalen
D433018	18.02.2014 00:00:00	JI400283 Ind243	Hann	Dokumentert	Ringebu (N)	Hirisjøhøgda
D434047	22.04.2014 00:00:00	JI401020 Ind352	Hunn	Dokumentert	Sel (N)	Musvordalen
D434992	02.06.2014 00:00:00	JI401026 Ind358	Hunn	Dokumentert	Lom (N)	Søre Gymra
D431476	19.02.2014 00:00:00	JI401355 Ind392	Hunn	Dokumentert	Dovre (N)	Grøhø
D432947	24.03.2014 00:00:00	JI402080 Ind3505	Hunn	Dokumentert	Skjåk (N)	Kroketetjønn
D434012	07.04.2014 00:00:00	JI403046 Ind3520	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Storsvartdalen
D433469	22.04.2014 00:00:00	JI403059 Ind3533	Hunn	Dokumentert	Ringebu (N)	Storfjellet
D434003	26.03.2014 00:00:00	JI403067 Ind3541+	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Kjelsungdalen
D433022	09.01.2014 00:00:00	JI403068 Ind3542	Hunn	Dokumentert	Ringebu (N)	Endsetermyrene
D433004	26.03.2014 00:00:00	JI403073 Ind3547	Hunn	Dokumentert	Lom (N)	Honnsjoen - Lusa
D434096	01.05.2014 00:00:00	JI403839 Ind3559+	Hunn	Dokumentert	Sør-Fron (N)	Marsteinshøgda
D434578	16.05.2014 00:00:00	JI403924 Ind3567+	Hann	Dokumentert	Øystre Slidre (N)	Skagsbekken
D433010	24.03.2014 00:00:00	JI404153 Ind3590	Hann	Dokumentert	Skjåk (N)	Syrtybyttaldalen
D433017	07.04.2014 00:00:00	JI404158 Ind2869	Hann	Dokumentert	Skjåk (N)	Ytste Leirvatnet
D433012	07.04.2014 00:00:00	JI404771 Ind3597	Hann	Dokumentert	Skjåk (N)	Ytste leirvatnet
D433021	18.02.2014 00:00:00	JI404772 Ind3598	Hann	Dokumentert	Ringebu (N)	Remdalsløgden e
D432999	02.04.2014 00:00:00	JI404773 Ind3599	Hann	Dokumentert	Nord-Fron (N)	Austhø
D434002	25.03.2014 00:00:00	JI404774 Ind3600	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Kongsgarden
D433488	04.03.2014 00:00:00	JI404775 Ind3601	Hann	Dokumentert	Skjåk (N)	Rauddalen
D434038	26.03.2014 00:00:00	JI404776 Ind3602	Hann	Dokumentert	Øyer (N)	Sydda
D434115	22.04.2014 00:00:00	JI404777 Ind3603	Hann	Dokumentert	Sel (N)	Muvordalen
D434482	25.03.2014 00:00:00	JI404780 Ind3606	Hunn	Dokumentert	Sør-Fron (N)	Vuludalen
D434005	27.03.2014 00:00:00	JI404783 Ind3596+	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Merrabotn
D434515	04.05.2014 00:00:00	JI404787 Ind3608	Hann	Dokumentert	Dovre (N)	Kattugla
D433013	25.03.2014 00:00:00	JI404789 Ind3610	Hunn	Dokumentert	Skjåk (N)	Rauddalen

D434817	22.04.2014 00:00:00	Jl404798 Ind3619	Hunn	Dokumentert	Vågå (N)	Holungsætrin
D431479	20.02.2014 00:00:00	Jl404801 Ind3622	Hann	Dokumentert	Dovre (N)	Stakstosætre
D434821	02.04.2014 00:00:00	Jl404803 Ind3624	Hann	Dokumentert	Sør-Fron (N)	Fryelva
D434556	19.02.2014 00:00:00	Jl404810 Ind3632	Hunn	Dokumentert	Dovre (N)	Nysæterhøe
D442454	17.12.2014 00:00:00	Jl405040 Ind5751+	Hann	Dokumentert	Sel (N)	Horgen - Rostbakken

Tabellen syner DNA-spor av 32 jervar i Oppland 2014. I tillegg legg ikkje Rovbasen ut DNA/kartref. av ekstraordinære uttak. Desse hadde vi i 3 hi-lokalitarar i Oppland i 2014:

3 dyr i Ringebu vart avliva 24/4 2014: Dette var 3 kvalpar og desse er ikkje registrert.

3 dyr i Langsua vart avliva 3/5 2014: Her vart tispå (3559+) registrert den 1/5 og er med i tabellen, medan dei 2 kvalpane er ikkje registrert.

2 dyr i Grimsdalen vart avliva 4/5: Dette var 2 kvalpar og desse er ikkje registrert.

I tillegg vart det ved barmarkkontroll av eit jerv-hi i Lesja funne ein død kvalp 1/3 2014 i følgje Susanne Hansen, seniorrådgjevar, viltseksjonen i Miljødirektoratet. Denne er heller ikkje registrert.

Dermed har vi i tillegg til dei 32 dokumenterte individa, dokumentert 8 individ, og er dermed oppi 40 dokumenterte individ i Oppland i 2014.

I tillegg er 8 jerver felt i kvotejakta 2015, som er desse individa i Rovbasen, sjå tabell under

DNAID	Funndato	Individ	Kjønn	Vurdering	Kommune	Funnsted
D442586	04.01.2015 00:00:00	Jl404804 Ind3625+	Hann	Dokumentert	Øyer (N)	Hovsmyrbakkua
D442950	18.01.2015 00:00:00	Jl405041 Ind5752+	Hunn	Dokumentert	Lesja (N)	Søre Svanningløypet
D442962	19.01.2015 00:00:00	Jl405042 Ind5753+	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Lurven
D443047	23.01.2015 00:00:00	Jl403067 Ind3541+	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Lurven
D443129	28.01.2015 00:00:00	Jl405043 Ind5754+	Hann	Dokumentert	Øyer (N)	Lienden
D443509	11.02.2015 00:00:00	Jl403924 Ind3567+	Hann	Dokumentert	Lom (N)	Gåkra i Visdalen
D443523	11.02.2015 00:00:00	Jl405047 Ind5758+	Hann	Dokumentert	Lesja (N)	Reindøl

Merknad: Jerven som vart teke ut i Lom 3/1 2015 er ikkje med, antatt grunna at det ikkje vart funne god nok DNA-prøve av den. 6 av desse er individ som det ikkje vart registrert DNA-funn på i 2014, og ein må her rekna som sikkert at dei faktisk var i Oppland i 2014, da ingen av desse kan vera kvalpar født 2015. Individ 3541+ og 3567+ er imidlertid på lista over jerv-DNA i 2014. Dermed er det dokumentert 6 jerver til.

Konklusjon bestandstal av jerv i Oppland 2014:

Antall ynglingar dokumentert: 7 stk, dvs pr. definisjon 44,8 individ.

Vi har etter utgreiinga over dokumentert/DNA-bevist at vi har hatt følgjande antall jerv i Oppland 2014:

DNA-treff 2014: 32 stk

Dokumenterte kvalpar avliva/døde 2014: 8 stk

Dokumenterte felt på kvotejakt 3/1 til 11/02 2015 som det ikkje var DNA på i 2014: 6 stk.

Sum dokumenterte individ av jerv i Oppland 2014: 46 stk.

Vi kan etter dette konkludere med følgjande:

Det er umogleg at SNO og forvaltninga har funne alle individa av jerv i Oppland for 2014. At vi gjennom bestandsregistreringa pr. definisjon (7*6,4) har 44 individ, og at vi gjennom praktisk gjennomgang av talmaterialet kan underbygga at vi faktisk kan argumentera for å ha funne 46 ulike individ beviser meir enn godt nok for at vi kan seia at Oppland hadde minst 8 ynglingar i 2014 – og dermed 51 ulike individ til saman. Med andre ord så hadde vi rett når vi sa at vi laut dobla uttaket av jerv i lisensjakta 2014/15 (jervekvota*2) for å få bestanden ned på bestandsmålet att. Dette er sjølvstøtt svært tragisk for beitenæringa, og ein skikkeleg skivebom for ei forvaltning med eit tosidig hovudmål i det største beitefylket i Norge.

2015:

Kva så med bestanden av jerv i Oppland nå før beitesesongen?

2014: 51 individ

Uttak 2014: Ekstraordinære uttak: 8 individ

Døde 2014: 1 individ

Teke ut på lisensjakt 2014/15: 9 individ

Kvalpar i ynglingar 2015 (vi tek her og stipulerar for 7 ynglingar * 2 kvalpar = 14 individ.

Antall individ vi har i Oppland nå vert dermed: 51-8-1-9+14=47 individ.

Merknad: Tilvekst 2014 - Kvalpar i ynglingar utan ekstraordinære uttak 2014 (vi tek for orden skuld her med berre dokumenterte): 4 ynglingar * 2 = 8 kvalpar. Dette er vi usikre på, men seier under tvil at desse 8 kvalpane er definert inn i dei 51 individa vi har redegjort for i bestanden i 2014.

KONKLUSJON: Beitebrukarane i Oppland starter nok ein gong beitesesongen med ein jervbestand LANGT OVER BESTANDSMÅLET – etter oppsett kalkyle må minst 20 dyr takast ut før beitesesongen for å få bestandstalet ned på bestandsmålet.

Oppland Bonde- og Småbrukarlag, Oppland Bondelag og Oppland Sau og Geit krev derfor at Rovviltnemnda i Oppland nå må ta tak og få jervbestanden ned på eit akseptabelt nivå i forhold til bestandsmål og ikkje minst av omsyn til beitenæringa.

1. Vi krev at nå er tida inne til å ta ut all jerv i prioriterte beiteområder.

2. Vi krev at enkeltindivid i Oppland skal takast ut i samband med eventuelle uttak i Sogn og Fjordane
3. Vi krev at det skal takast ut 3 ynglingar i jervsona. Her forventar vi ei byrdefordeling slik at både Lom/Skjåk, Lesja og Vågå/Dovre vert tilgodesett med uttak av ei yngling kvar.

Oppland 27/03 2015

Terje Holen (sign)

Trond Ellingsbø (sign)

Arnfinn Beito (sign)

Oppland Bonde- og Småbrukarlag

Oppland Bondelag

Oppland Sau og Geit